

## Referat styremøte

**Stad:** Digitalt  
**Dato:** Fredag 18. februar 2022 kl 1000 - 1300

### Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, styremedlem Arild Bergstrøm, styremedlem Kristin Maurstad, styremedlem Gunhild Berge Stang, styremedlem Jan Arve Lund, styremedlem Hilde Wiik, varamedlem Anders Ryssdal.

Nestleiar Hanne B. Oftedal hadde forfall, i hennar stad møtte Anders Ryssdal

### Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Thomas Walle, Synnøve Bjørset, Jan Heggheim, Bjørg Espe Bolseth

### Orienteringar i møtet:

Større satsingar, budsjettsøknad 2023  
Fellesmagasinet, status  
Resultat frå medarbeiderundersøking

### Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Årsrekneskapen 2021  
Strategiplan 2023 - 2026

### Utsendt til orientering:



## Saker til handsaming:

### Sak 01/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjend

### Sak 02/2022 Referat frå styremøte 15. desember

Vedtak:  
Referatet frå styremøte 15. desember blir godkjent

### Sak 03/2022 Budsjettsøknad 2023 - hovudsatsingar

Vedtak:  
Styret tek orienteringa til vitende, og stadfestar følgjande hovudsatsingar i budsjettsøknad til Kulturdepartementet og Vestland fylkeskommune for 2023:

**Trygg ivaretaking:** Fellesmagasinet, Holvikejekta og organisering av bygningsantikvarisk restaurering

**Heilskapleg samlingsutvikling:**

**Relevant formidling:** Digitaliseringsløft 23, vidare arbeid med samla formidlingsaktivitet i ei avdeling

**Solid kunnskapsproduksjon:**  
Auka forskingskompetanse og prosjektsamarbeid

**Aktiv samhandling:** Program for relevans

**Andre mål:** Arbeid på tvers av avdelingsgrenser

### Sak 04/2022 Dato og stad for rådsmøtet 29. mars i Sogndal

Vedtak:  
Styreleiaren inviterer rådet til rådsmøte i Sogndal 29. mars kl 1000 – 1200.

### Sak 05/2022: Vedtektsendringar:

Rådet ba i sak 8/2021 styret om å drøfte følgjande punkt:

Vedtak:

**Generelt:**  
Det vert gjort reint språklege endringar i vedtektene.



#### **Vedtektene § 4:**

1. Vedtektene fastset val av nestleiar.
2. Valperioden blir sett til 2 år, med maksimum funksjonstid på 8 år.
3. Der er nummererte varamedlemmer, første gong ved val av nytt styre i 2023. Der er tre grupper varamedlemmer: Valde av fylkeskommunen, valde av rådet og valde av dei tilsette.
4. Fylkeskommunen vel styreleiar som tidlegare.

#### **Dette gir følgjande ny § 4:**

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Styret har 7 medlemmer som vert valde slik:

- a. **Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og ein styremedlem med to nummererte varamedlemmer. Desse skal peikast ut innan 1. mars i valåret**
- b. **Rådet vel tre medlemmer med tre nummererte varamedlemmer. Av desse vel rådet ein nestleiar.**
- c. **To medlemmer med to nummererte varamedlemmer vert valde av dei tilsette.**
- d. **Nyval av styremedlemmer gjeld frå 1. mai i valåret.**

Styremedlemmene vert valde for 2 år. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.

For tilsettere representantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettere representantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år. Tilsettere representantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.

Ved første val peikar fylkeskommunen og rådet ut ein medlem med funksjonstid på to år. Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer/varamedlemmer er til stades, og blant desse leiar eller nestleiar.

Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande.

Styret vert innkalla så ofte leiaren finn det naudsynt eller det vert kravd frå minst tre medlemmer.

Stiftinga sin direktør deltek i styret sine møte med tale- og forslagsrett. Direktøren er sekretær for styret.

#### **Vedtektene § 6, Råd:**

Styret tek bort eigarmusea frå rådet.

#### **Dette gir følgjande ny § 6 Råd:**

Stiftinga skal ha eit råd. Rådet sine oppgåver og mynde går fram av § 7. Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i fylket, vertskommunane (Kinn, Sunnfjord, Gloppen, Sogndal, Hyllestad, Lærdal), Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge.

Kvar av dei som er nemnde ovanfor vel ein medlem til rådet.

Valet gjeld for 4 år.

Rådet skal årleg ha minst eitt møte innan 1. mai.

Innkalling skal vere skriftleg med minst to vekers varsel til rådsmedlemmene. Kopi av innkalling med vedlegg skal også sendast til dei organ som har valt medlemmer til rådet.



Med innkallinga skal det ligge føre sakliste, årsmelding, rekneskap og driftsbudsjett for inneverande år.

Møte i rådet kan elles haldast når dette vert kravd av rådet sin ordførar eller 1/3 av rådet sine medlemmer. Slikt møte skal kallast inn skrifteleg med minst to vekers varsel.

Rådet kan berre handsame dei saker som er nemnde i innkallinga.

Rådet er vedtaksført når minst halvdel av medlemmene er til stades.

Vedtaket vert gjort med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap er ordføraren si stemme avgjerande.

### **Vedtektene § 7 Rådet sine oppgåver**

Ei enkel retting som følgje av val av varamedlemmer.

### **Dette gir følgjande ny §7 Råd:**

Rådet kan gje uttale til styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår.

Rådet kan gje uttale til saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m.

Rådet skal velje tre styremedlemmer med varamedlemmer.

Rådet skal velje medlemmer til valkomiteen. Rådet fastset godtgjering til styret.

Oppløysing av stiftinga kan berre skje etter vedtak i rådet.

Avsluttande:

Administrerande dir sender oppdaterte vedtekter med referatet

### **Sak 06/22**

#### **Styregodtgjersle:**

I flg. § 7 i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane kan rådet fastsette godtgjersle til styret i stiftinga.

Desse satsane gjeld no:

<b>Godtgjersle 2022</b>	
Styreleiar	Styreleiar Kr 121 369 per år fram til og med 2023, når valperioden hans går ut, eller han trer av før valperioden sin slutt. I samband med val av ny styreleiar skal det gjerast vedtak om nytt honorarnivå før ny styreleiar blir valt.
Nestleiar	Kr 30 000 pr år Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle i tillegg
Styremedlem	Kr 2 000 pr møte, for dei møta styremedlem er til stades
Varamedlem	Kr 2 000 pr møte, for dei møta varamedlem er til stades
Medlem i valkomiteen	Kr 2 000 pr møte, for dei møta medlem er til stades
Tapt arbeidsforteneste, dokumentert	Kr 4 000 pr møte



Tapt arbeidsforteneste, udokumentert	Kr 1 500 pr møte
Utlegg	Vert dekt etter dokumentert rekning
Reise	Vert dekt etter statens satsar

**Styret slår fast at godtgjersla gjeld ut funksjonsperioden utan justeringar.**

#### **Sak 07/2022 Årsrekneskap 2021 med årsmelding**

Vedtak:

Styret godkjenner årsmelding og rekneskap med balanse og notar.

#### **Sak 08/2022 Årsrapport 2020**

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner årsrapport 2020.

#### **Sak 09/2022 Driftsavtale Astruptunet og Eikaasgalleriet, orientering**

Rett over nyttår signerte vi ny driftsavtale med Sunnfjord kommune om driftsansvar Eikaasgalleriet og Astruptunet. Avtalen blir lagt fram til orientering for styret. Han ligg som vedlegg.

Vedtak:

Styret i Musea i Sogn og Fjordane tek driftsavtalen mellom Sunnfjord kommune og Musea i Sogn og Fjordane om driftsansvar Eikaasgalleriet og Astruptunet til vitende.

#### **Sak 10/2022 Strategiplan 2023 – 2026**

Vedtak:

Styret i Musea i Sogn og Fjordane vedtek mandat som vedlagt, med ei kostnadsramme på 100 000. Planen er føresett å ligge føre i desember 2022.

#### **Sak 11/2022 Forskingsplan**

Vedtak:

Styret tek notatet om forskingsplanen til vitende, og ventar handsaming av plandokumentet i april.

#### **Sak 12/2022 Besøksstatistikk 2021**



<b>SUM BESØKSTAL ALLE BESØKSSTADER I MISF HITTIL I ÅR</b>						
BESØKSSTAD	VAKSNE	BARN	SUM 31.12.2021	SUM 31.12.2020	Endring i tal	Endring i %
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	1362	1 137	2 499	3 009	-510	-16,9 %
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	2 153	1 783	3 936	2 824	1 112	39,4 %
VÅGSBERGET	383	36	419	0		Ikkje egne tal for 2020
SUNNFJORD MUSEUM	1 792	1 239	3 031	2 054	977	47,6 %
DHS-SOGN FOLKEMUSEUM	3 528	2 506	6 034	4 800	1 234	25,7 %
SOGN FJORDMUSEUM	746	48	794	0		Ikkje egne tal for 2020
NORSK KVERNSTEINSENTER	1 419	1 368	2 787	1 275	1 512	118,6 %
NORSK REISELIVSMUSEUM	3 424	121	3 545	2 549	996	39,1 %
SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	666	4303	4 969	3 741	1 228	32,8 %
EIKAASGALLERIET	58	746	804	790	14	1,8 %
ASTRUPTUNET	613	4142	4 755	5 548	-793	-14,3 %
SOGN KUNSTSENTER	46	459	505	0	505	Stengt 2020
<b>SUM KVAR MÅNAD</b>	<b>16 190</b>	<b>17 888</b>	<b>34 078</b>	<b>26 590</b>	<b>7 488</b>	28,2 %
						Auke i %
						<b>28,2</b>
					Utgjer	7 488 personar

#### Vedtak:

Styret tek statistikken for 2021 til vitende, men ynskjer å drøfte tiltak for å nå nivået for tidlegare år i samband med strategiarbeidet.